



ÅRSMELDING 2020

Innhald:

Sammendrag	Side 2
Organisasjon	Side 4
Kyrkjelege arbeid og aktivitetar	Side 9
Kyrkjer og kyrkjegardar	Side 13
Økonomi	Side 14



SAMMENDRAG

Året 2020 var annleis-året. Året starta med at sokneprest var sjukmeldt med alvorleg sjukdom. 20. februar skjedde vårt verste marerittet - kyrkjebrann - og Dombås kyrkje fekk omfattande skader. Norge vart stengt i mars pga. Viruset Covid-19, og heile året var prega av restriksjoner og smittevern-tiltak. Kyrkjelyd og stab fekk merke konsekvensane av desse tre alvorlege hendingane.

Årsmeldinga blir annleis i form og ikkje minst i innhald. Å samanlikne 2020 med tall frå tidlegare år blir meiningslaust. Ein må vere glad for det som lot seg gjennomføre, om enn i mindre omfang og med færre mennesker til stades. Årsrapporten inneheld også «det vi ikkje gjorde» pga. brannskade, Covid-19 og vakanser.

Hendinger som prega året

Dombås kyrkje brann 20. februar

Alarmen gjekk litt over kl. 03 om natta. Takk varem rask og dyktig innsats frå brannmannskapet, vart kyrkjebygget redda. Men kyrkjerommet var utbrent, grått av aske og sotsvart. Det nye orgelet var tapt. Altartavla, døypefont m.m. vart sendt til vurdering og det er fortsatt uvisst om treverket kan og skal brukast oppatt.




Konsekvensar:

- Tilsette og råd brukte mykje tid og energi til å bistå etterforskning, registrere og dokumentere, kontakt med forsikring og byggeleiari, media-henvendelser, informere og møter med kyrkjelyden m.m.
- Overvåking av Dovre kyrkje samt organisert nattevaktskifte i 24 netter fram til mistenkt vart varetektsfengsla.
- Ordne andre stader for gudstenester: Dombås hotell f.o.m. 14. juni og Stallen på Sentralplassen som utandørs kyrkjerom i advent og jula.
- Kyrkjelege handlingar gjennomført i Dovre kyrkje og Eysteinkyrkja.
- Kyrkeverge vitna i rettsaka 19. august, men den vart så utsett pga. siktas sin helsetilstand.
- Ingen tilbud om stille rom på Dombås om sommeren.
- Stab og råd drøftar saman med kyrkjelyden korleis Nye Dombås kyrkje kan bli. Ei kyrkje for framtida – ei livsløpkyrkje.

Korona-pandemien

Viruset Covid-19, også omtala som Korona, førte til ein pandemi med mange sjuke og døde. Regjeringa stengte ned Norge 12. mars og ut mai. Omfattande restriksjonar heile året om kva som var lovleg og tilrådd, m.a. om kor mange som kunne samlast til ulike aktivitetar.



Konsekvensar:

- Restriksjonar og stadige endringar skapte utfordringar på planlegging og gjennomføring av aktivitetar.
- Meir-arbeid med smittevern-planer, reinhald, registreringar m.m.
- Dåp i eigne gudstenester.
- Mange aktivitetar avlyst: Andakter for Fredheim-bebuarar, alle gudstenester i tida 12. mars -13. juni, Pilegrimsdager på Dovrefjell, diakonale tiltak som Det gode måltid, trusopplæringsstiltak (m.a. Babysang og Ljosvaken).
- Lågare offer-beløp pga. avlyste gudstenester, færre til stades og kun Vipps.
- Konfirmantleir avlyst. Konfirmasjons-gudstenestene utsett til september.
- Møter og kurs i stor grad avlyst eller gjennomført digitalt. M.a. vart rådsopplæringa i mars avlyst.
- Gravplassforvaltning definert som samfunnskritisk teneste med vektentleg rapportering.
- Auka kompetanse i bruk av digitale medier.
- Digitale, lokalproduserte helsingar til påske, 17. mai og jul.

Vakanser

Sokneprest Elisabeth Torp var sjukmeldt ut august månad, og arbeidde 30 % frå 1.9. Diakon Inger Gravem pensjonerte seg 1. september. Diakon-stillinga er vakant i påvente av avklaring om stillingsstørrelse vidare.

Konsekvensar:

- Mange vikarprester som hadde gudstenester og kyrkjelege handlinger. Større belasting på øvrige tilsette med informasjon, kommunikasjon, opplæring.
- Strategiarbeid, langsiktig planlegging og revidering av trusopplæringsplanen vart utsett - nok ein gong.
- Diakon-oppgåver om hausten vart ikkje gjennomført.

ORGANISASJON

Mål og planer

Kyrkjeplanen er kyrkja sin verksemdsplan som seier kva visjon vi har, kva områder som blir prioritert og kva vi ynskjer å oppnå. Planen går ut frå kyrkjas formål: DNK er ei evangelisk-luthersk kyrkje,- ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Visjon: Ei kyrkje for alle – heile livet.

Planer for 2020	Status	Merknad
Planlegge og gjennomføre sikringstiltak på kyrkjebygg	✓	Gjennomført ca 2/3 av tiltakene.
Revidere trusopplæringsplanen		Utsatt pga. prestevakanse.
Revidere gravferdsheftet	✓	Utsatt pga. ressursmangel adm.
Revidere lokal grunnordning for gudstenester	✓	

Dovre kyrkjelege råd 2019-2023

- Valgt frå Dombås sokn: Johnny Raatrø (gjekk ut av rådet 21. oktober), Eli Nytrøen Lyngen, Randi Brennhaug, Hanna Mølmen. Varamedlemmer: Jomund Endre Angard (fast medlem frå 4.11), Knut Arne Berget, Kirsti Vik Hjerkind, Randi Løkken Aspehol, Berit Kleiven Kronberget, Irene Olsen Aavangen (vara frå 4.11.).
- Valgt frå Dovre sokn: Guri Ruste, Per Anders Håvelsrød, Anne Brit Roen Eriksen, Marit Reidun Bøe Svestad. Vararepresentanter: Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde, Ann Jorunn Storengen, Wenche Håvelsrød, Svein Rune Berg.
- Geistleg representant (utnemnt av biskopen): Sokneprest Elisabeth Torp. Prosten er varamedlem.
- Kommunal representant: Knut Nytun. Irene Olsen Aavangen er varamedlem.
- Guri Ruste valgt som leiar og Johnny Raatrø som nestleiar. Eli Lyngen vart valgt som nestleiar frå 4.11.

Møter og saker

Dovre kyrkjeleg råd har i 2020 hatt 8 møter og handsama 33 saker. I tillegg til dei årlege saker, har rådet handsama brannskade/Nye Dombås kyrkje, revidert lokal grunnordning (liturgi) for gudsteneste, biskopens utfordringer og diakonstillingen.

- Informasjonsmøte 27. februar om brannskaden i Dombås kyrkje.
- Kyrkjelydsmøte 15. september: Revidering av grunnordning, orientering om kyrkjelydsarbeidet og status Dombås kyrkje.
- Soknemøte for Dombås sokn 21. oktober om Dombås kyrkje.
- Dialogmøte 29. oktober mellom Dovre kommune (ordførar, rådmann, kommunal representant) og DKR (rådsleiar, kyrkjeverge).
- Seminar om Nye Dombås kyrkje 4. november.
- Møte om eigedomshøve med kommunen 5. november.
- Kyrkjeverge informerte om Dombås kyrkje i kommunestyret 2. desember.
- Oppfølgingsmøte etter bispevisitas 4. desember.

Personale

DKR er arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette: 5 fast tilsette i tilsaman 3,4 årsverk.

Kyrkjeverje	80 %	Elin Marit Andgard, midl. 20 % ekstra frå 1.2.20.
Sekretær	50 %	Vidar Aas
Kantor	80 %	Jørgen Brandli
Kyrkjetenar	100 %	Ola Rindal
Kyrkjetenar	30 %	Bjørn Lund
Diakon	50 %	Inger Gravem, pensjonist frå 1.9.20.
Kontorhjelp	50 %	Borghild Skarelven, arbeidspraksis via Nav



Kyrkjestab i Lesja og Dovre takka av Inger med gode ord og lunsj i september

Hamar Bispedømmeråd er arbeidsgjevar for sokneprest. Sokneprest Elisabeth Torp var sjukmeldt januar-august og arbeidde deretter 30 %. I denne perioda sørga prosten for prester til enkeltenester. Paul Skuland fast vikarprest frå 1.12.

Representasjon, møter og kurs

Representasjon

- Guri Ruste er medlem i KAs landsråd.
- Elin Marit er styremedlem i Hamar kirkevergelag.

Kurs for tilsette

- Puls 6.-10. januar (Faglig påfyll og inspirasjon for kirkeansatte): Vidar.
- Inspirasjonsdag Kirkens Nødhjelp 17. januar: Inger.
- Maskinførerkurs 17.-19. januar: Ola og Bjørn.
- Arkivkurs 21. januar: Elin Marit.
- Korte webinar om ulike tema.
- Samling om digitale medier 22. oktober: Elisabeth, Vidar og Elin Marit.
- Gravplassdager i Molde 8.- 10. september: Ola og Elin Marit.
- Arbeidsveiledning: Vidar og Elin Marit.

Helse, miljø og sikkerheit

Det er godt arbeidsmiljø og samarbeid i staben. Sjukefraværet var 8,3 %, dette er ikkje arbeidsrelatert. Andel kvinner i staben ved årsskifte er 43 %. Ingen avvik etter tilsyn og/eller servicekontroller.

Informasjonsarbeid

- **Kyrkjeblad for Dovre** kom ut med tre nummer som blir sendt til alle husstandar i Dovre, utanbygdsbuande som tingar det og fleire kyrkjekontor. Kyrkjebladet kan også fungere som ei årsmelding over det som skjer i kyrkjene og for kyrkjelyden.
- **Årsmelding 2019** delt ut til kommunestyret og på kyrkjelydsmøtet i september.
- **Heimeside**
Kunngjering om kva som skjer, generell informasjon om dei kyrkjelege handlingane, kontakt-infomasjon, informasjon om råd og rådspapir.
- **Facebook**
Ny Facebook-side. Så godt som dagleg innlegg i adventstida.
Digitale helsingar til påske, 17. mai og jul vart publisert her og på heimesida.
- **Plakater og annonser** om gudstenester og konsertar.

Mediaomtale

- **Dombås kyrje – brann**

NRK Dagsrevyen:

- 20.2: Brann i Dombås kirke
21.3: Siktet etter kirkebrann
24.12: Deilig er jorden fra Dombås kirkes utendørsgudstjeneste

Norge i dag:

- 24.2: Krimteknikere til Dombås kirke
8.10: Skal bygge opp igjen Dombås kirke etter brannen i februar

Distriktsnyheter Innlandet:

- 20.2: Brann Dombås kirke
21.2: Biskop Solveig Fiske besøker Dombås
24.2: Krimteknikere til Dombås kirke
6.3: Kirkebrann trolig påsatt
19.3: Sel kirke forsøkt påtent / Biskopen om utryggheten
21.3: Mann siktet for kirkebrann
18.8: Rettsaken etter kirkebrannen starter
8.10: Skal bygge opp igjen Dombås kirke etter brannen i februar
4.11: Intervju fra seminar om Dombås kirke

TV2:

- 20.2: Kraftig brann i Dombås kirke. Nytt orgel til fire millioner totalskadd.
27.2: Kan ikke utelukke at kirkebrann var påsatt.
6.3: Politiet: Kirkebrannen på Dombås trolig påsatt
23.3: Åsted Norge

GD:

- 21.2: Hovedsak forside: Dombås kirke totalskadet - branentragedien. 4 sider:
Rammet av ny branentragedie. Våknet av alarmen. 19 kvinner og menn
kjempet mot flammene. Dette var et sjokk. En svært trist dag. Politiets
innsatsleder: Konstruksjonen holder. Leder: «Når limet i bygda brenner».
22.2: Det er sorg i folket etter brannen. Politiet ber om tips. Det nye

- orgelet er totalskadet. Starter reparasjon av taket. Leder: «Kirkene våre betyr mer for oss enn bruken skulle tilsi».
- 24.2: Politiet starter gravearbeidet mandag. Sterkt og trist, biskopen besøkte Dombås kirke. Lesarbrev: Dombås og dei gode arkitektane.
- 27.2: Politiet ber om flere tips etter brannen.
- 29.2: Brannen kan være påsatt. Ingen får se inn i den utbrente kyrkja.
- 7.3: Brannen i Dombås kirke var trolig påsatt – ordførerens bønn: Alle må hjelpe politiet.
- 10.3: Har fått nye tips om brannen i kyrkja på Dombås.
- 16.3: Politiet vil komme i kontakt med uidentifisert mann
- 20.3: Sel kirke forsøkt påtent. Ble varslet av innbruddsalarmen.
- 23.3: Forside: Lokal ung mann innrømmet å ha tent på Dombås og Sel kirke. Samarbeider med politiet. Biskopen er lettet. Kan senke skuldrene.
- 25.3: Leserbrev: Takk til politiet.
- 2.4: Utsetter bergingsarbeidet etter kirkebrannen.
- 6.4: Skal finne ut hvorfor skadene ble så store.
- 8.5: Her pusser Laura kirkesølvet som ble berget etter brannen: Blir skinnende blankt igjen
- 18.5: Fengslet i fire nye uker.
- 23.5: Siste rapport: Vil restaurere kyrkja.
- 13.6: Gudstenester på hotellet.
- Aug: Kirkebrannene på Dombås og Otta. Gir uttrykk for anger.
- 20.8: Forside: 28-åring tilsto å ha tent på Dombås kirke og Sel kirke: Var hevn for Koranbrenning. Ville hevne brenning av Koranene. 28-åring erkjente straffeskyld for kirkebranner på Dombås og i Sel.
- 21.8: Kirkebrann-rettsaken utsatt.
- 7.9: Nytt håp etter brannen i vinter – ynskjer betre benkeplassering.
- 11.9: Inventaret i Dombås kyrkje kan ikke restaurerast.
- 5.11: Seminar

Vigga:

- 27.2: Forside og 5 sider: Et samlingspunkt i bygda er borte. Kirkerommet ble totalskadet. Foreløpig ukjent brannårsak – ønsker tips. Berget ut noen gjenstander. Biskopen besøkte Dombås kirke – sterkt og trist. Dette er tragisk. Ansett som «særlig bevaringsverdig». Historia om Dombås kyrkje. Leder: «La kyrkjebrannen verke samlande».
- 12.3: Forside + 1 side: Tror brannen kan være påsatt.
- 26.3: Brannstifteren pågreppt: En stor lettelse. Kyrkjene blir godt bevokta.
- 2.4: Forsideomtale + 1 side: Veien videre. Håper å kunne berge noe av inventaret. Politiet har ingen flere mistenkte.
- 17.4: Altertavlen sendt til vurdering. Den største skrekken (intervju med håndverkar Kari Aasgaard).
- 22.5: Skal først attande slik det var før brannen. Nytt orgel blir erstatta.
- 11.6: Her blir det alternativ til kyrkje på Dombås: Dette var det beste alternativet.
- 18.6: Evangeliet let seg ikke stanse. Første markering ved Dombås kyrkje etter brannen.
- 6.8: Saken i retten denne måneden.
- 20.8: Nå er rettsaken i gang.
- 27.8: Rettsaken om kirkebrannen utsatt på ubestemt tid.

- 17.9: Fikk mange gode innspel av kyrkjelyden. Diskuterte utforming av «Nye Dombås kyrkje».
- 1.10: Dekker til kyrkja med tak over tak. Snart blir kyrkja gøymt.
- 29.10: Inviterer til seminar om «Nye Dombås kyrkje».
- 12.11: Dovre-konfirmantane ønskje om «Nye Dombås kyrkje»: Må være gjenkjenneleg. Fortsatt ingen ny dato.
- 10.12: Bygger kirke for framtida: dette er en billig investering.
- 23.12: Signerte kontrakt med entreprenør. Set i gang på nyåret. Pepperkakekirke av Dombås.
- 23.12: Julequiz om nyhetsåret.

Vårt Land:

- 21.2: 3 sider: Så nyoppusset kirke brenne. Fem års engasjement opp i røyk. Bare skallet av kirka tilbake.
- 22.2: Forside og 2 sider: Direktevarsling kan ha reddet kirken. Duken er reddet.
- 29.2 Politiet: Utelukker ikke at brannen ble påsatt.
- 7.3: Politiet: Kirkebrann trolig påsatt.
- 11.3: Politiet har fått nye tips om kirkebrann.
- 20.3: Nytt kirkebrannforsøk. Vil ha vakttjeneste for 14 kirker. Sel kirke forsøkt påtent. Det sprer seg en uthygget.
- 21.3: Krimteknikarar fann brannbar væske.
- 23.3: Koranbrenning kan ha trigget kirkebrann
- 26.3: En måneds uro er over.
- 15.4: Verdidebatt: Redd orgelet, la Maria gå!
- 7.8: Kirkebrann i tingretten.
- 8.8: Kirkesølvet reddet etter brannen.
- 20.8: Passive kirkegjengere reagerer sterkest på kirkebrann. Flere kirker sikres mot brann.
- 6.11: Verdidebatt: Kirkebranner forteller oss noe viktig.

Andre media-omtale som er fanget opp:

VG 21.2: Dombås kirke fikk store skader i brannen. En tragedie for bygda vår.

VG og Dagbladet 7.3: Korte notiser om at kirkebrannen trolig var påsatt.

Dagen 14.5: Tabbe kan ha ført til mer skader på brannherjet kirke

- **Eigne arrangement og tiltak**

Vigga:

- 9.1: Årskavalkade: Orgel-innviing, TV-team på konfirmasjon, Eysteinkyrkjas 50-årsjubileum, bispevisitas.
- 16.1: Per Anders deltek på Ungdommens Musikkmesterskap.
- 10.12: Slik blir julegudstjenesten i Lesja og Dovre (bilde av Elisabeth ved Stallen). Ringer julen inn – gjennom hele kommunen.
- 23.12: Utendørs julegudstjeneste (fra skulegudsteneste på Dovre).

- **Kyrkjene nevnt/fotografert i andre oppslag:**

Vigga – 10 oppslag: Storløkken fekk hederspris (bilde i Dombås kyrkje).

Nyttårskonsert i Dombås kyrkje. Fastetid ved biskop. Gje eit liv med vatn.

Konfirmantane må vente til hausten med den store dagen sin. Helsing frå ordførar.

Om spanskesjuka, intervju med Jørgen Brandli. Tonefølgje ved livets slutt. Feirer 10 år med pilegrimssenter. Ett skritt nærmere skatepark på Dombås.

Vårt Land - 2 oppslag: Dombås kyrkje som illustrasjon ved intervju av biskop

Fiske. Dovre-prest mot Quisling med bilde av Dovre kyrkje.

KYRKJELEG ARBEID OG AKTIVITETAR

Gudstenesteliv

Gudstenester

- 40 gudstenester på søn- og helligdager - 1155 deltagarar.
- 21 gudstenester på andre dager - 951 deltagarar.
- 12 gudstenester i perioda 12. mars -13. juni vart avlyst.
- 13 gudstenester med nattverd - 153 nattverdsgjester.

33 gudstenester i Dovre kyrkje, 2 i Dombås kyrkje, 11 i Eysteinkyrkja, 9 på Dombås hotell (midlertidig kyrkjedom), 3 i Fredheim kapell og 3 i/ved Stallen, Sentralplassen. Setermess på Tollevshaugen vart avlyst.



vandringsgudsteneste 14. juni



Skulegudsteneste ved Stallen, Sentralplassen

Solistar og medverkande ved gudstenester

- Martin Berg: Vandringsgudsteneste 14. juni Dombås, 4 konfirmasjonsgudstenster, helgemesse, gudstenester i jul- og nyttår.
- Harald og Martin Berg: To skulegudstenester Dombås.
- Ingeborg Dalheim: Digital helsing til 17. mai, gudstenester i jul- og nyttår.
- Dombås musikkforening: Juleaften ved Stallen.
- Per Anders Håvelsrød: Digital påskehelsing, vandringsgudsteneste 14. juni, Lucia-messe, juleaften-messe ved Stallen.
- Barn deltok på Hellig tre kongers gudsteneste på Fredheim.
- Konfirmantar deltok på skulegudstenestene på Dombås med dramatisering.

Andakter og tidebønner

- 7 andakter i Fredheim kapell – 78 deltagarar.
- 9 kveldsbønner «Rom for bøn og stille» – 70 deltagarar. 3 gonger i Dombås kyrkje, 1 gong i Guds Huset på Fokstugu og 5 gonger i Dovre kyrkje.

Andre tilbod

- Digital helsing til påske fra staben i Dovre kyrkje inkl. helsing fra biskopen.
- Digital helsing til 17. mai fra Eysteinkyrkja: musikk og sang ved Ingeborg Dalheim og Jørgen Brandli, klokkeringing, flagging, tale frå Magnus Halle.
- Digital helsing til jul: musikk og sang ved Ingeborg Dalheim og Jørgen Brandli, klokkeringing
- Kyrkja og historielaget samarbeidde om videoen «Dovre ringer jula inn».
- Sokneprest heldt tale ved julegateopning på Dovre og på Dombås.

Kyrkjelege handlingar

- 22 dovringer døypt. Av 19 døypte har 17 bustadadresse i kommunen. 5 dovrebarn er døypt i andre sokn.
- 20 konfirmanter, 10 i Dombås sokn og 10 i Dovre sokn. 17 vart konfirmert i Dovre kyrkje og 3 i Eysteinkyrkja. 4 gudstenester om hausten. God oppslutning.



- Ingen vigsel. 3 avtalte vigsler utsatt.
- 24 gravferdsseremoniar, av desse ein utanbygdsbuande. Til saman 739 (+ tre seremonier) til stades. To gravferder heldt med maks. 20 personar, nokre få i ei periode der avstand avgjorde antallet, hovedsakleg maks. antall 50. 1 seremoni i Dombås kyrkje, 22 i Dovre kyrkje, 1 i Fredheim kapell. 22 kistegravlegginger og 3 urnenedsetninger. 10 gravlagt på Dombås kyrkjegard og 15 på Dovre kyrkjegard.

Trusopplæring - barn og unge

Kyrkjelyden skal tilby om lag 320 timer trusopplæring i perioden 0-18 år. Konfirmanttida utgjer minimum 60 timer.

Arrangementa blir omtale i kyrkjebladet og alle døpte får invitasjon i posten. Som følge av endringar i høve mellom stat og kyrkje og at Kyrkjelova er erstatta av Trossamfunnslova, har vi ikkje lenger oversikt over «tilhøyrande». Alle barn er velkomne, også dei som ikkje er medlemmer.

Dåpsbarn og familie

- Dåpsamtale med innanbygdsbuande foreldre.
- Dåpsljos utdelt til kvart dåpsbarn.
- Dåpsbarn med familie invitert til Luciafeiring i og ved Dovre kyrkje.

Babysang

- Sang, leik og dans med sanger, rim og regler. Tid til å prate og drikke kaffe/te.
- 9 samlingar totalt. På Klukkarhaugen og i sansehagen ved Fredheim.
- 16 barn med foresatte deltok.

Kirkerottene (film/theater)

- Ikkje gjennomført.

Mi kyrkjebok til 4-åringar

- Mi kyrkjebok med arbeidsbok utdelt til fireåringane 1. søndag i advent.
- 7 barn (64%) i Dombås og 4 barn (57%) i Dovre kom og fekk boka.



4-åringar ved adventskransen og stallen i Dovre kyrkje

«Fra jord til bord» for 6 og 7-åringar

- Gudstenesta med skaperverkets dag i mai avlyst pga. korona.
- Samling om hausten avlyst (pga. restriksjoner antall og fleire årstrinn).

Skulestartmarkering og 10-års dåpsjubileum

- Dei som starter på skulen blir invitert saman med sine skulefadrar som går på 5. trinn og er 10 år. Samlinga i forkant av gudstenesta var avlyst.
- 2 dåpsjubilarter og ein 1. klassing i Dombås.

Mi kyrkjebok til 6-åringar

- Mi kyrkjebok med arbeidsbok utdelt til 6-åringane i november.
- 8 barn (100%) i Dombås og 7 barn (88%) i Dovre kom og fekk boka.

Tårnagent

- 9- og 10-åringar får hemmeleg invitasjon til å være tårnagent, og løyser oppdrag og mysterium. Fellessamling i Dombås kyrkje med gudsteneste 9. februar.
- 4 agenter frå Dombås og 1 agent frå Dovre. Konfirmant med som medhjelpar.

"Ljosvaken"

- Ikkje gjennomført i år pga. korona-restriksjonar.

Konfirmantar



- Eige helgesamling på Hageseter for våre konfirmanter 31.10-2.11 i staden for prostikonfirmantleiren som vart avlyst.
- Kvardagssamlingar om ulike tema.
- Førebuing og gjennomføring av samtalegudsteneste, hausttakkefest med presentasjon, ljosmesse og to førjulsgudstenester for skuler i Dombås.
- Medhjelpere på gudstenester.

Ungdomsarbeid 15-18 år:

- Ikkje leiartrening då konfirmantleiren vart avlyst. Ingen prostisamlinger.

Samarbeid mellom kyrkja og barnehage/skule

- Sokneprest hadde eit møte med oppvekstsjef og rektorer.
- Møte og kontakt for planlegging av adventsprogram.
- Sangstund i Dombås barnehage i advent.
- Adventsamling i kyrkja med Dovre barnehage.
- Adventssamlinger med Dombås barneskule og dei eldste barnehagebarna, Dovre ungdomsskule ved Stallen på sentralplassen. Konfirmantane dramatiserte juleevangeliet.
- Kyrkjevandring med Dovre barneskule: Stallen med Maria, krybba og sauer / juletreet på kyrkjebakken med juleevangeliet, sang og kyrkjequiz / ljostenning m.m. inne i kyrkja / ventestasjon med varm drikke.

Diakoni

- 15 sjelesorgsamtaler ved diakon. 15 samtaler med sokneprest haust-halvåret.
- Kyrkja og kommunen i Lesja og Dovre organiserte telefonvenn-teneste i samband med eit lukka samfunn om våren. Lite etterspørsel.
- 10 familiebesøk ved diakon.
- Det gode måltid arrangert i februar og mars.

Konsertar og andre kulturarrangement

- Sommerkonsert i Dovre kyrkje 1. august med Eline Haugstad (piano), Hilde Kolstad Huse (fiolin) og Per Anders Håvelsrød (orgel).
- Seminar om Nye Dombås kyrkje 4. november. Innlegg ved prosjektleiar Odd Ivar Pedersen i Togin, orgelkonsulent Kåre Nordstoga, biskop Solveig Fiske, konservator Kåre Hosar, Ingeborg Magerøy hjå Riksantikvaren.

Utlån/utleige av kyrkjer til konsertar og kultur

- Nyttårskonsert i Dombås kyrkje 17. januar: Dombås musikkforening og DDS.
- Dovre kyrkje 17. oktober: Vigsel i anna kristent trussamfunn.
- Konsert i Dovre kyrkje 17. november: Erlend Olderskog Albertsen og Yoshiko Nakano.

Andre kyrkjelydsaktivitetar

Medarbeiderkveld: Ikke gjennomført pga. Korona.

Konfirmantjubileum: Invitasjon til 60 og 70-års jubileum. Utsatt pga. få påmeldte. 50-års jubileum utsatt til neste år.

Kyrkjekaffe: I samsvar med nasjonale smittevernveileder var det berre servering ute i samband med Luciafeiring og kyrkjevandring med Dovre barneskule.

KYRKJER OG KYRKJEGARDER

Brannskade Dombås kyrkje

- Registrering av inventar og utstyr, forsikringsgjennomgang.
- Prosesser og utgreiing om lov om offentlege anskaffelser.
- Signert avtale om nytt orgel med Ålems orgelverkstad.
- Valg av entreprenør Braa & Sørvåg Bygg AS etter anbudsprosess med vekting 40 % pris, 20 % oppgåveforståing, 40 % kvalitet/referanser
- Erik Fenstad Langdalen valgt som arkitekt.
- Laga innspillsnotat om Nye Dombås kyrkje på bakgrunn av møter.
- Søknad til kommunen om investeringsmidler. Dovre kommune løyvde 5 millioner kroner til automatisk slukkeanlegg, arkitekt, meir-utgifter til varmeanlegg, endra planløysing og universiell utforming.
- Kyrkja bygd inn med stillas, såkalla tak over tak.
- 3 informasjonsmøter, eit seminar og fleire artiklar på heimesida og i Kyrkjebladet.



Stallen på Sentralplassen –
eit nytt heilagt rom

Sikringsprosjekt

- Skifta tjuveri/innbruddsalarm i Dovre kyrkje.
- Montert tjuveri/innbruddsalarm i Eysteinkyrkja.
- Nytt brannvarslingsanlegg inkl. utvendig deteksjon Dovre kyrkje og Eysteinkyrkja.
- Diverse forbetringer i el-anlegg, alle bygg.

Vedlikehald

- Eysteinkyrkja: Måla vegger i våpenhus og sakristiene. Nytt skap i dåpssakristiet.
- Måla om lag 2/5 av gjerdet rundt Dombås kyrkjegard. Eit tidkravjande arbeid.

Ope kyrkjer

DKR og Pilegrimssenter Dovrefjell heldt Eysteinkyrkja ope 27. juni – 9. august dagleg kl. 10 - kl. 19. Pilegrimssenteret hadde ope om eftan 20.6 - 31.8. 3266 besøkande, av desse 356 pilegrimer. Dovre kyrkje var ikkje sommerope, pga. større bruk når Dombås kyrkje var stengt og at dagleg opning ville krevd mykje ressursar til reinhald med påfølgande slitasje.

Hjerteleg takk til alle som har deltatt og bidratt i 2020!

ØKONOMI

Om regnskapet

Regnskapet er ført av Dovre kommunes økonomikontor i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning for kyrklege fellesråd. Revidert av Innlandet Revisjon.

Driftsinntektene var kr 5.038.663 (inkl. renter) og driftsutgiftene kr 4.803.616. Etter netto avsetning til bundne fond (kr 38.758) og overføring til investeringsregnskapet (kr 56.997) er driftsregnskapet avslutta med eit mindreforbruk på kr 139.292.

Balanse pr. 31.12.2020

<u>Disposisjonsfond</u>	<u>1 013.921</u>		
Disposisjonsfond	898.921	Eysteinkyrkja	135.051
Kyrkjegardsmaskin	40.000	Inngang Dovre kyrkje	167.711
Minnelund	75.000	Barn og unge	110.203
<u>Bundne driftsfond</u>	<u>919.785</u>	Diakoni	32.291
Dovre kyrkje	46.564	Kyrkjemusikk	135.490
Dombås kyrkje	75.743	Pilegrimsdager	76.063
		Kyrkjebladet	46.298
		Div. prosjekter	94.371

Investeringar

<u>Investering</u>	<u>Netto</u>	<u>Finansiering</u>
Sikringstiltak kyrkjebrygg	641.704	Kommunalt tilskudd
Nytt orgel, Dombås	9.702	Forsikringsoppgjør KLP
Dombås kyrkje, brann – bygning	3.451.877	Forsikringsoppgjør KLP
Dombås kyrkje, brann – inventar m.v.	497.837	KLP 452.692. DKR (ført fra drift) 45.145
Egenkapital KLP	11.852	Overføring fra driftsregnskapet

Kommentarer

- Dombås kyrkje, brann – inventar: Udekte utgifter kr 45.145 er innkjøp av salmebøker, konfirmantkapper, noter o.l. Forsikringsselskapet utbetaler et beløp for inventar basert på inventar-oversikt med avkorting etter levetid. Dette beløpet disponerer DKR til innkjøp. Derfor er slike innkjøp i år ført som «egendekning».
- Nytt orgel, Dombås: Eget ansvar kun for enklare regnskapsføring.

Driftsregnskap

Kommentarer

- Kyrklebrann, korona og vakanser har i stor grad påvirkta også driftsregnskapet.
- Lønnsposter er samla sett som budsjettet, men budsjettavvik for auka ressursbruk pga. brannskade, lågare pensjonssats, vakans i diakonstilling.
- Nokre poster er lågare enn budsjettet: Strøm Dombås kyrkje (byggestrøm dekkja av forsikring), service/kontroll (pga. utskifting av anlegg og ingen instrumentstemming), færre aktiviteter.
- Utgifter til kyrkjelydsmøter, seminar o.l. pga. brannen må dekkast av DKR.

Driftsregnskap

Regnskap-2020

Budsjett-2020

Regnskap-2019

Regnskapsmessig overskudd	139 292,43		13 046
Finansposter/avslutning	40 570,08	36 000	-120 324
(overføring investeringsregnskap, avsetning/bruk fond)			
Driftstilskudd fra kommunen	-3 450 000,00	-3 450 000	-3 340 000
Kyrkjeleg administrasjon	1 277 810,14	1 317 000	1 210 954
Tilbakeført overskudd KLP	-24 507,12	-11 000	-35 785
Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf.	981 034,96	990 000	830 072
Kontorutgifter (matr., tlf., porto)	20 803,06	45 000	23 804
Div.fellesutgifter (kurs, møte mm)	60 263,62	50 000	89 793
Revisjon	34 685,60	40 000	24 000
Lisenser, service	104 010,71	124 000	122 540
Utstyr, inventar, maskiner	46 564,89	16 000	37 645
Godtgjørelse folkevalgte	37 709,20	43 000	48 667
Andre rådsutgifter	17 245,22	20 000	17 138
Soknerådsva			53 080
Kyrkjer	1 243 640,47	1 296 000	1 494 697
Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf.	795 413,07	823 000	923 744
Strøm	99 471,48	105 000	158 938
Forsikring, bygg og anlegg	128 408,00	130 000	128 593
Andre driftsutgifter	69 274,21	61 000	57 595
Kjøp av tenester	53 203,20	40 000	77 249
Inventar og utstyr	3 797,20	15 000	60 028
Serviceavtaler	33 817,54	70 000	65 756
Vedlikehold	37 247,47	55 000	72 282
Avsetninger til bundne fond	8 310,00	0	18 153
Salg, brukerbetaling, husleie	-4 900,00	-25 000	-41 000
Gaver, offer, tilskudd	-7 410,00	-5 000	-26 641
Dombås kyrkje-fortsatt drift	123 495,09	124 000	
Forsikringsoppgjør	-96 486,79	-97 000	
Kyrkjegarder	592 161,37	599 000	430 808
Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf.	598 003,14	618 000	498 542
Strøm	33 864,74	32 000	35 944
Kommunale avgifter	46 172,50	35 000	34 069
Oppnak graver	27 675,20	45 000	40 050
Vedlikehald	24 956,80	30 000	49 762
Andre driftsutgifter	80 515,66	55 000	44 555
Inventar, utstyr, maskiner	99 690,69	70 000	78 356
Brukerbetaling	-5 000,00	-6 000	-8 000
Festeavgift	-267 210,00	-230 000	-278 135
Gravstell, netto inntekt	-46 507,36	-50 000	-64 335

Driftsregnskap

Regnskap-2020

Budsjett-2020

Regnskap-2019

Anna kyrkjeleg verksemd	156 525,51	202 000	310 818
Sokneråd (kyrkjekaffe m.m.)	1 866,70	20 000	44 169
	3 299,65		
Trusopplæring	3 299,65	20 000	20 977
Lønn, godtgjørelser, kurs	142 650,00	160 000	156 350
Materiell, mat m.m.	48 790,69	30 000	57 553
Inventar, utstyr	29 862,01	20 000	10 288
Støtte til leir/festival/USB	18 686,95	25 000	16 050
Brukerbetaling, tilskudd, offer	-8 100,00	-5 000	-13 104
Tilskudd fra staten	-228 590,00	-210 000	-206 160
Diakoni	127 418,64	126 000	194 580
Lønn, godtgjørelser, kurs	126 114,80	126 000	194 580
Arr.utgifter	5 453,84	15 000	14 883
Avsetninger til fond	0,00	0	6 276
Brukerbetaling, offer, tilskudd	-4 150,00	-15 000	-21 159
Kyrkjemusikk	2 365,52	0	0
Konsertutgifter	9 815,52	33 000	35 216
Avsetning til fond		0	3 314
Billettinntekter	-5 800,00	-30 000	-32 384
Tilskudd, offer	-1 650,00	-3 000	-6 146
Pilegrimsarbeid	0,00	0	26 415
Adm.utgifter	0,00	10 000	0
Annonser, informasjonsutg. mv		10 000	9 579
Arr.utgifter		30 000	48 594
Billettinntekter, salg		-20 000	-31 758
Tilskudd		-30 000	0
Sommeråpne kyrkjer	0,00	21 000	-338
Lønnsutgifter		40 000	35 010
Andre utgifter	3 500,00	5 000	10 823
Avsetning bundne fond	21 900,00		
Tilskudd, salg, gaver	-25 400,00	-24 000	-46 171
Kyrkjeblad for Dovre	21 575,00	15 000	25 015
Produksjon og utsending	86 830,00	100 000	95 670
Annonseinntekter mv	-24 855,00	-50 000	-39 855
Tilskudd, gaver	-40 400,00	-35 000	-30 800

Dovre 17. februar 2021

Elin Marit Andgard, kyrkjeverge